

Dato : 07.05.2008
Vår ref. : 2008/807 - 3365/2008
Dykkar ref.: 08/557-5 KJB
Dykkar dato: : 31.03.2008

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

HØYRINGSUTTALE - FORVALTNINGSREFORMEN - FORSLAG TIL NYE OPPGAVER TIL DET REGIONALE FOLKEVALGTE NIVÅET

HSH syner til Dykkar ekspedisjon av 31.mars vedkomande høyringsnotat om Forvaltningsreforma. Me har kommentarar til to av framlegga i denne, slik det går fram av det etterfylgjande.

Regionale forskingsfond

NFR har etter vårt syn gjort ei god og grundig utgreiing av oppretting av regionale forskingsfond. HSH ser positivt på etableringa av slike fond. Desse må koma som eit supplement til eksisterande finansiering av forskning direkte til sektoren og gjennom NFR. Me stør i hovudsak utgreiinga frå forskingsrådet som bør gje eit godt grunnlag for det vidare arbeidet.

Det kan etter vårt syn bli krevjande å få på plass ei god organisering kring desse fonda. Etablering av fonda vart sett i samband med endring i regionsinndelinga. No endar ein opp med status quo i denne, medan talet på forskingsfond må haldast på eit lågare nivå. Det vil seia at fleire fylke må samlast om kvart fond. Det kan då bli vanskeleg med ei omforeint satsing på prioriterte forskingsområde. Fonda må etter vårt syn ha ei administrativ lenke til det forvaltningsnivået det skal tena. Også dette kan bli vanskeleg når ein skal samordna fleire fylke. Det må unngåast å byggja opp eigne administrasjonar kring desse fonda. Det er heller inga god løysing å overlata administrasjonen til NFR sentralt.

Oppnemning av høgskulestyra (kunnskapsdepartementet)

Det er gjort framlegg om endring i reglane for oppnemning til styra i dei statlege høgskulane. No vil ein bringa fylkeskommunane tilbake i prosessen, om enn i endra form enn tidlegare, når det gjeld oppnemning av to eksterne representantar. Dette har kome som ein del av diskusjonen kring regionnivået og regioninndelinga i landet.

Frå institusjonens ståstad er styret eit viktig strategisk organ for å driva institusjonen. Frå departementet si side er styret tildelt ei meir og meir sentral rolle i drifta av institusjonane. Styrestorleiken er fastlagt til 11 medlemmer. I dag vert desse valt/oppnemnt av i alt fem ulike

grupperingar/organ som arbeider uavhengig av kvarandre. For HSH vil den foreslåtte endringa føra til dette talet aukar til sju (me legg då til grunn at dei to fylkeskommunane Hordaland og Rogaland begge skal involverast i prosessen). Det bør vera openberrt at dette vanskeleggjer samansetting av eit kompetent, komplementært og strategisk styre. Dette er ikkje vegen å gå dersom ein ynskjer å styrkja høgskulane som sjølvstendige institusjonar.

HSH er såleis imot denne fragmenteringa, og meiner det er tilstrekkjeleg at departementet er involvert i prosessen med oppnemning av eksterne styrerepresentantar. Dersom fylkeskommunane skal delta bør det vera ved å kunna foreslå representantar som så departementet oppnemner. Det vil ikkje vera tilstrekkjeleg at høgskulestyret skal foreslå representantar både ovafor fylkeskommunane og departementet. Det har me erfaring frå var ei dårleg ordning, med liten vilje til samordning.

Med venleg helsing

Rune Jørgensen
Høgskuledirektør